

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		19/734

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2019	Kommunestyret	PS	28.10.2019

## Referatsak

### Tilknytte dokument:

1. Statsbudsjettet 2020 - Kommuneopplegget

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

## Kommunestyret - 061/2019

### KS - behandling:

#### Grunngienvne spørsmål:

Siri Tangedal Kratzmeier (Krf):

Masfjorden kommune vedtok å oppretta ungdomsråd i sak 061/2017 den 30.10.17. Nokre elevar frå 10. klasse vart vald som medlemmer våren 2018. Rådmann peika ut oppvekstleiar som kontaktperson (januar/februar 2019).

Første møte i Ungdomsrådet var i april 2019. Ungdomsrådet konstituerte seg. Sidan har det ikkje vore møte i ungdomsrådet. Det har kome invitasjon til fylkesting for ungdom, frå fylket.

Ungdommens fylkesting Hordaland skal avviklast, og det nye fylkesting for ungdom Vestland skal haldast for første gong, Dette er ikkje vidareformidla til ungdomsrådet. Masfjorden kommune må syta for at ungdom frå Masfjorden får delta når det nye fylkesting for ungdom Vestland skal møtast.

Masfjorden Krf har tidlegare bedt om at MOT vart valt som kontaktperson for ungdomsrådet. Krf ber på nytt om at MOT blir kontaktperson for Ungdomsrådet og at dei får ein ressurs inntil kr 10 000 finansiert over drift politisk slik at ein kan få ungdomsrådet opp å gå. MOT er ein arena der ungdomane i ungdomsskulen møtest jemnleg og det vil difor vera eit godt utgangspunkt for arbeidet i ungdomsrådet. Ber og om at dei får same sekretærhjelp som no.

Det må setjast av ein sum i budsjettet til Ungdomsrådet.

Ordførar svarte at ein kunne opprette ein kontakt mellom MOT og ungdomsrådet. Kommunestyret

samla seg om at ein skulle opprette slik kontakt.

Referatsaker:

Skriv 1: Statsbudsjettet 2020 - Kommuneopplegget

Orientering frå Rådmannen:

- Rådmannen orienterte om innstillinga frå Kraftskattemelding av 30.09.19.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering